



Meland kommune

Hordaland Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2686 - 15/18430

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

08.10.2015

Sluttrapport og sluttregneskap for tilskot til grøftkurs RULL 166-2013

Det vart i 2013 gitt tilsagn om kr 30 000 i RULL-midlar til temakveld og grøftkurs i Nordhordland

Me var fleire i lag som sette opp plan for fagleg innhald, mykje etter mal frå kurs som vart halde på AGRO HORDALAND I 2013. Kommunane har bidreg med marknadsføring og utsending av epost, i tillegg til å stilla lokale til disposisjon for teoridelen. Det er og kopiert opp kursmateriell m.m.

Det første kurset vart halde i Meland 4 og 15.mars 2014. Glade bønder var kursarrangør og Trygve Torsteinsen frå Landbruksrådgivinga hadde ansvar for det faglege innhaldet. Tema var mellom anna grøfteplan, dimensjonering, val av filtermasse, val av grøftmateriell, kostnadsoverslag og praktiske tips. Det var først ein kveld inn med teori og deretter ein praksisdag ute der deltakarane fekk sjå grøfting i praksis. To lokale bønder stilte tid og utstyr til disposisjon, men eit skikkeleg regnvær øydela for noko av opplegget. Det var 22 deltakarar (nokon av dei var berre med 1 dag) og det fordelte seg på kommunar Bergen 3, Meland 8, Lindås 6, Radøy 3, Austrheim 1 og Osterøy 1.

2.okt hadde me markdag for gardbrukarar i Modalen, Eksingedalen og Indre Masfjorden. Dette var eit samarbeid mellom 3 kommunar. Me hadde først ein teoridel inne (om lag 1 time) og deretter var me ute på fleire gardsbruk og såg på grøfting/profilering, masseforflytning og jordkultur. Trygve Torsteinsen hadde den faglege regien, men det var lagt opp til erfaringsutveksling mellom deltakarane. Totalt møtte 10 personar, men ikkje alle var med heile dagen. Det var god læring for oss i kommu nane, som fekk oppdatert oss på temaet.

12.11 var det kurs i Austrheim med Glade bønder som arrangør. Praksisdagen skulle vera våren 2015, samstundes som ei ny grøftemaskin skulle demonstrerast i Nordhordland. Av ulike årsaker kom ikkje praksisdagen i stand før i september 2015. Den medførte ikkje noko ekstra kostnad då dei som demonstrerte utstyret ikkje skulle ha noko honorar.

Kommunen sin eigeninnsats er sett opp i rekneskapen under markdag. Ikkje alle kostnader er teke med m.a. kjøring, lokale og noko servering som kommunane Modalen og Vaksdal delte på.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



God stemning på markdag i Modalen

Vedlagt ligg sluttregneskapsskjema m.m

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sluttregneskapsskjema Rull 166-2013 - grøftekurs

Kopi til:

Heidi Bjønnes Larsen

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga 5020

BERGEN